



Elin Tordis Holmås Fanebust
LINDÅSVEGEN 2088
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15470 - 22/30727

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
21.04.2022

Varsel om synfaring - gbnr. 99/1 Våge

Tiltak: Bilar, oljesøl
Byggjestad: Gbnr: 99/1 Våge (Vågseidet)
Tiltakshavar: Elin Tordis Holmås Fanebust

Kommunen varslar at vi vil synfare eigedom gbnr.99/1 Våge.

Synfaringa vil gjennomførast torsdag den 28.04.22 klokka 14:00.

Kvifor vil kommunen synfare eigedomen?

Synfaringa gjennomførast på bakgrunn av ei melding om mogleg ulovleg tilhøve kommunen mottok 06.04.22. Meldinga gjekk ut på mellomlagring av mange bilvrak samt dekk motorar og anna avfall.

Grunna mogleg fare for forureining vil vi synfare eigedomen så snart som mogeleg.

Kva skjer under ein synfaring?

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske forhold på eigedomen. Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

Dersom du ønsker å delta på synfaringa er du velkommen til det. Oppmøte er derimot ikkje obligatorisk, og synfaringa vil bli gjennomført sjølv om du ikkje møter. Dersom du ikkje har moglegheit på oppsett dato, men ønskjer å delta på synfaringa, så ta kontakt med saksbehandlar så avtalar vi eit nytt tidspunkt.

Dette brevet vert sendt til deg som eigar av gbnr 99/1. Dersom det er andre som du meiner også bør vera med på synfaringa, er dei velkomne til det.

Regelverk for tilsyn og synfaring

Kommunen har plikt til å forfølge ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1.
Kommunens rett til å synfare bygg og eigedomar er heimla i plan- og bygningslov § 31-7.
Kommunens plikt til å føre tilsyn med forureiningssituasjonar er heimla i forureiningslova § 48.

Har du spørsmål om synfaringa?

Dersom noko er uklart, eller du har ytterlegare spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på e-post roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no eller telefon 462 99 440.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elin Tordis Holmås Fanebust

LINDÅSVEGEN 2088

5955

Lindås